

Prosjekt Tradisjonskultur

Presentert for Hallingtinget 23.05.2025 av Rannveig Øygardslia sidan Andrea Søgner ikkje hadde høve denne dagen.

Introduksjon av prosjektet

Prosjekt tradisjonskultur er eit regionalt prosjekt som arbeider for å skape tilbod og aktivitet innan folkedans og folkemusikk i Hallingdal. Andrea Søgner er tilsett som prosjektkoordinator i 50% stilling i Ål kommune frå hausten 2024 og fram til 1. mai 2026 (18 månaders stilling). Ål kommune og fylkeskommunen har finansiert prosjektet.

Prosjektets overordna mål er at alle som veks opp i Hallingdal skal ha moglegheit til å drive med folkemusikk og folkedans. Alle skal også kjenne til dei lokale tradisjonane. For å sikre dette trengs det fleire tilbod i kulturskulane og faste innslag av folkemusikk og folkedans i barnehagane og skulane.

Derfor arbeider prosjektet for å opprette stillingar som distriktsmusikar og ein stilling som folkemusikk-koordinator. Meir info om stillingane lenger ned i teksten.

Bakgrunn

Hallingdal står ovanfor ein sårbar og kritisk situasjon når det kjem til opplæringstilbod og rekruttering innan folkemusikk og folkedans. På landsbasis er Hallingdal eit av områda med dei sterkaste tradisjonane, ein heilt unik kulturarv.

Dei fleste som veks opp i Hallingdal har lite eller ingen kjennskap til kulturarven og tradisjonane våre. Dette gjer at dei ikkje får moglegheit til å vidareutvikle og kjenne identitet knytt til dei lokale tradisjonane. I Hallingdal finst det svært få tilbod innan folkemusikk og folkedans i kulturskular, skular og barnehagar. Dette er dei viktigaste arenaene for rekruttering av barn og unge!

Tilboda som finst i kulturskulane i dag er hardingfele og toradar på Ål, hardingfele og kveding på Gol, og folkedans ein gong i månaden i Hemsedal (nytt tilbod). Kulturskulane arbeider ikkje aktivt med rekruttering til sine tilbod. Det er heller ikkje faste innslag av folkemusikk og folkedans i barnehagar og skular. Dermed står det kritisk til med rekruttering. Skal tradisjonen vår bevarast og vidareutviklast, må den bli brukt.

I dag blir tradisjonen hovudsakeleg halde i hevd av enkelte eldsjeler. På Torpo har Martin Myhr og Gunnlaug Lien Myhr skapt eit unikt og fantastisk miljø. Dei arbeider frivillig/på prosjektbaserte midlar dei sjølv søker til. I tillegg har lokale spel- og dansarlag enkelte arrangement. Frivilligheita kan ikkje bære tradisjonen åleine. Det er eit enormt ansvar, og heller ikkje berekraftig. Samarbeid mellom offentleg og frivillig sektor er utruleg viktig i dette prosjektet og for framtida for folkemusikken og folkedansen i Hallingdal.

Offentleg sektor har eit ansvar. Politikerane våre har forplikta seg til å arbeide med dette. I regionplan for Hallingdal 2025-2028 står det:

«Det skal arbeides for interkommunalt samarbeid om formidling innan tradisjonskulturen i Hallingdal, særleg innanfor kultur og oppvekstsektoren».

Fleire har arbeidd i mange år for å setje dette prosjektet i gang. I 2023 vart det, etter vedtak fatta i SUKO (sektorutval for kultur og oppvekst) i Ål kommune, oppretta eit arbeidsutval med mål om å: “Skissere løysingar for å styrke folkemusikken og tradisjonsdansen i kommunen. Utvalet bør sjå på både lokale og regionale løysingar, i tillegg til intern og ekstern finansiering. Utvalet bør utreie moglegheiter for å få stilling(ar) som distriktsmusikar(ar) knytt til tradisjonsdans og –musikk.”

Prosjektkoordinatoren har undersøkt modeller for opplæring og aktivitet i andre områder. Både Sunnfjord, Voss og Hardanger har distriktsmusikarar. I Setesdal har dei ei interkommunal kulturskulestilling. Innhenta informasjon frå distriktsmusikarar, kulturskulelærarar, kulturskulerektorar, kultur- og oppvekstleiarar viser mellom anna kva som fungerer, kva som ikkje fungerer, korleis arbeider distriktsmusikarar og korleis blir dei administrert. Resultat viser at distriktsmusikar-stillingar bidrar til suksess med stor auke i rekruttering, og gode samarbeid med ulike aktørar. Prosjektkoordinatoren har også undersøkt behova i Hallingdal.

Lokale spel- og dansarlag er positive til prosjektet og ser stor verdi av dette. Dei samarbeider med prosjektet om å søkje midlar til aktivitet. Flesteparten av stønadsordningane krev at søkjar må vere frivillig organisasjon, men gjerne i samarbeid med offentlig sektor. Lokallaga har derfor gjort det mogleg for Prosjekt tradisjonskultur å søke midlar. Til hausten startar derfor eit regionalt folkedanstilbod for alle 5. klassingar i Hallingdal basert på prosjektmidlar. Dette er aktivitet som på sikt kan vere ein del av arbeidet til distriktsmusikaren. Midlane som har blitt søkt til no er eittårige prosjektmidlar der instruktørar blir henta inn på engasjement.

Prosjektkoordinatoren har starta eit nettverk med lokallaga som skal ha faste møter kvart halvår. Saman skal dei i fyrste omgang ha oversikt over arrangement og instrument.

Behov i Hallingdal

Folkemusikk og folkedans burde vere ein naturleg del av barnehage og skulegang. På den måten sikrar ein at alle som veks opp i Hallingdal får forankring og identitetskjensle knytt til lokale tradisjonar. Barnehagar og skular er også dei viktigaste arenaene for rekruttering. Det er utruleg viktig for kulturskuletilboda og aktiviteten i lokale spel og dansarlag.

Frå fagplanen for musikk i Kunnskapsløftet 2020 er det fleire kompetansemål der folkemusikken har ein naturleg plass. Kunnskapsløftet 2020 opnar også for lokal tilpassing i dei fagområda som har med lokal kultur og identitet å gjere. Eksempel kan vere: song, dans og lek (leikarring) i barnehagane, folkemusikk i musikktimane og norskundervisning på skulen (dialekt), folkedans i kroppsøving. Generelt: bruke folkemusikken og folkedansen som ein raud tråd gjennom

skulegangen. Her kan ein bidra til å forenkle overgang mellom barnehage og skule ved å bruke element dei kjenner igjen, eksempelvis folketonar eller folkedans.

Skulen og barnehagane er ein utruleg viktig arena fordi det er den einaste plassen ein treff alle innbyggjarar i ei aldersgruppe. Kulturskulen er også utruleg viktig for opplæring grunna kontinuitet og trygge rammer, både for elev og lærar.

Distriktsmusikarar- stilling

I Sunnfjord, Voss og Hardanger er distriktsmusikar-stillingane todelt: Halvparten av stillinga går til opplæring i kulturskulen, og andre halvparten går til ein utøvande del. Kulturskule-delen fungerer som ein normal kulturskulelærar med enkeltundervising eller gruppeundervising. Den utøvande delen består av rekruttering i barnehagar og skular, i tillegg til konsertar og førestillingar. I Hallingdal har me veldig gode samarbeidshøve for dette med Sprang, Folkemusikkveka, Kulturhuset, Folkemusikkgudstjenestene, Hallingdalsmusea og turistnæringa. Det er mykje spennande ein kan oppnå i denne delen av stillinga. Ein kan skape samarbeid med nasjonale aktørar slik som Riksscenen. Det kan bidra til å sette Hallingdal attende på det levande folkemusikk-kartet!

Erfaringar frå andre områder er at den utøvande delen er viktig for å gjere stillingane attraktive. Ved prosjektstillingar treng ein 3-5 år for å etablere tilbodet og sjå resultat. I løpet av ei prosjektperiode kan ein også danne seg erfaringar på kor mange stillingar som trengs, og kor mange prosent.

Ved tilsetting kan ein i Hallingdal eksempelvis sjå for seg at distriktsmusikaren er tilsett i kultursektoren i ei kommune, og leverer tenester ut til alle kommunane ved ei felles finansiering. Om distriktsmusikaren reiser mellom dei ulike kommunane for å ha undervising, vil ein nå fleire elevar sidan dei slepp å reise. Kapasitet til køyring innad i stillinga avhenger sjølvstøtt av tal på stillingar og prosent.

Folkemusikk- koordinator- stilling

På bakgrunn av behova i Hallingdal og erfaringar frå andre områder, ynskjer prosjekt tradisjonskultur å arbeide for å opprette ein fast folkemusikk- koordinator- stilling. Denne stillinga vil ha ansvar for det administrative arbeidet rundt distriktsmusikaren sin verksemd, både i barnehagar, skular, kulturskular og andre samarbeid. For at distriktsmusikaren skal ha nok kapasitet til rekruttering og utøving, er det viktig at nokon andre står for det administrative arbeidet slik som kommunikasjon og avtaler med samarbeidspartnarar. Dette forenkler også arbeidet til samarbeidspartnarar då dei har ein person å forhalde seg til.

Det er også fleire viktige arbeidsoppgåver som kan inngå i stillinga til ein folkemusikk- koordinator. Koordinatoren kan fortsette arbeidet med å søkje midlar i samarbeid med lokallag for å auke aktivitet. Eksempelvis skape fleire opplæringstilbod for vaksne også.

Koordinatoren kan også vere informasjonsansvarleg for all aktivitet innan folkemusikk og folkedans. I Hallingdal er det behov for å samle informasjon om arrangement og aktivitet for at denne informasjonen er meir tilgjengeleg og enklare å finne. Lokallaga har ikkje kapasitet til å drive profesjonell marknadsføring. Ved å samle informasjonen om all aktivitet i Hallingdal vil det vere enklare å oppsøke aktiviteten. Dette kan bli gjort gjennom nettside og sosiale medier.

Andre eventuelle arbeidsoppgåver for ein koordinator er å ta over arrangørrolla/bli medarrangør for kurset Storhelg i Hallingdal, etter ynskje frå noverande arrangør Hallingdal juniorspelemannslag. Dette er eit av Noregs største ungdomskurs i folkemusikk og folkedans der det kjem elevar frå heile landet for å danse og spele på Hugnadheim på Torpo.

Hallingdal sin særeigne kulturarv, spesielt lausdansen, bør innlemmast i UNESCO si verdsarvliste for immateriell kulturarv. Dette er også eit arbeid ein koordinator kunne vore leiar for. Setesdal lykkast med dette i 2019. Tilknytt UNESCO- arbeidet, har dei lagd ein fagplan i folkemusikk for grunnskulane. Denne er obligatorisk i Setesdal, og består av lokale folkesongar, dansar og bruk av ulike instrument. Fagplanen er todelt: eit hefte og opplæringsvideoar på nett. Det er svært gode resultat av fagplanen med auka rekruttering og tilknytning til tradisjonane. Det er inspirerende å hente ideen til Hallingdal! Dette kan også ein koordinator arbeide med.

Effektar av stillingane

Kva for resultat får Hallingdal av å opprette stillingar som distriktsmusikarar og folkemusikkoordinator?

Ei satsing vil sikre ivaretaking og vidareføring av kulturarven vår. No er behovet stort. Folkemusikken har ein oppsving på landsbasis, ei bølge Hallingdal burde følgje no og framover. Me har moglegheit for å skape suksess, mellom anna fordi det allereie finst ein elevmasse frå eksisterande tilbod. Forsvinn den, må ein starte frå botn. Ved å tilsette profesjonelle utøvarar med unik formidlingsevne som både kan komme inn i barnehagar og skular, og ha undervising i kulturskulane, vil barn og unge bli engasjerte og nysgjerrige. Igjen- dei viktigaste arenaene for rekruttering er barnehagar og skular!

Ein unik kvalitet for folkemusikk- og folkedansmiljøet er fellesskapet mellom alle generasjonar og kommunar. Her kan ein skape mange arenaer i samarbeid med lokale spel- og dansarlag, slik som dansekveldar for alle aldrar, kappleikar, konsertar, samspel-øvingar og kurs.

Fleire av områda som har distriktsmusikarar har faste tilbod inn i skular og barnehagar. Eksempelvis får alle 4. og 5. klassingar i Hardanger danse folkedans 2 gonger i semesteret. Dette gjer at alle lærer folkedans og klarar å bruke den vidare. Då er det viktig at arenaene der ein kan bruke dansen står klare. Slike faste innslag av folkemusikk og folkedans i barnehage og skule vil gi auka kjennskap og tilhøyrse til kulturarven vår hjå barn og unge. Det bidreg til sterkare lokal forankring og identitet. Dette kan bidra til tilbakeflytting til Hallingdal!

Gode kulturtilbod er essensielt for oppvekstvilkår. Gjennom tilgjengelege tilbod slik som opplegg i skulane bidreg me til eit inkluderande kulturliv som skapar mangfald.

Folkedans er også positivt for folkehelse- både fysisk og psykisk. I 2022-2024 blei det gjort forskning i Danmark på folkedansen sin verknad på psykisk uhelse. Forskningsprosjektet heiter «Fod på gulv». Datainnsamling blei gjort gjennom spørjeundersøkingar, intervju, observasjonar,

aktivitetssensorar, spyttprøver og deltakarobservasjonar av fagpersonell. Resultatet viser at tilpassa folkedans kan forbetre mental trivsel og einsemd, i tillegg til auka aktivitet og sterkare immunforsvar. Deltakarane opplevde fellesskap der alle var like mykje verdt, og auka meistring, sjølvtilit og tryggleik. Meir info om forskinga her: [Fod på golv – Et danseprosjekt](#)

Oppretting av stillingar vil byggje og styrke reiselivsnæringa og kulturdestinasjonen Hallingdal. Det vil skape arbeidsplassar og regionale samarbeid innanfor kulturfeltet, som fleire gonger står nemnt i regionplan for Hallingdal 2025-2028.

Ei satsing innan folkemusikk og folkedans for Hallingdal vil byggje eit godt grunnlag for vidare satsing innan tradisjonskulturen, som bunadsbruk, tradisjonskost, handverk med meir. Det er Hallingdal sitt ansvar å ta vare på våre tradisjonar. Gjennom eit samarbeid mellom offentleg og frivillig sektor kan me oppnå suksessen.